



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 06.04.2017

Vår ref.: 2017/1531

Arkivnr.: 441

Identiske brev går til:

Dalane Friluftsråd, Postboks 379, 4379 Egersund
Ryfylke Friluftsråd, Jåttåvågen 36, 4020 Stavanger
Friluftsrådet Vest, Postboks 63, 5575 Aksdal
Bergen og Omland Friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 Bergen

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Godkjenning av årsrapport for 2016 og overføring av statleg tilskot til driftseiningane i Vestkystparken for 2017

Me viser til søknadsbrev av 31.01.2017 og epost av 05.04.17 frå Rogaland fylkeskommune som sekretariat for Vestkystparken.

I søknadsbrevet søker Rogaland fylkeskommune statlege driftsmidlar til Vestkystparken for 2017. Rekneskap og budsjett, gjeldande samarbeidsavtale for driftseiningane i Vestkystparken og deira årsrapportar var anten vedlagt søknaden eller etterfølgande epost. Handlingsplan for Vestkystparken (2016-2019) var også lagt ved. Fylkesmannen godkjenner med dette rapporteringa, og ser at krava til søknad om driftsmiddel er oppfylte.

Fylkesmannen i Rogaland har ansvar for overføring av det statlege tilskotet til aktuelle friluftsråd i Vestkystparken for 2017. Totalt har me mottatt kr. 3 780 000,- til dette føremålet for 2017. Med eit administrasjonshonorar på kr 15 000,- til Fylkesmannen er den totale summen som skal fordelast på driftseiningane på kr 3 650 000,- for 2017

Fylkesmannen vil betala ut det statlege tilskotet i ei utbetaling, fordelt til kvar av friluftsråda. Fordelingsmodellen, som vart lagt fram, og samrøystes vedteken på styremøtet for Vestkystparken den 04.04.2017, ligg til grunn for Fylkesmannen si utbetaling av det statlege tilskotet, fullt og heilt.

Følgjande summar vil verta utbetalte med det første:

Bergen og omland friluftsråd:	1 779 702,-
Friluftsrådet Vest:	752 225,-
Ryfylke friluftsråd:	1 122 675,-
Dalane friluftsråd:	110 398,-
Sum:	3 765 000,-

Statlege tilskot 2018

For utbetaling av det statlege tilskotet til driftseiningane for 2018, må søknaden innehalda ein årsplan/driftsplan og eit budsjett som viser både utgiftssida og kva for beløp dei einskilde finansieringsaktørane bidreg med. Det vert også, som tidlegare år, stilt krav om rapportering for 2017 gjennom årsrapport og rekneskap.

Vilkår for utbetalingane

Som tidlegare år, er vilkåra for utbetaling av det statlege driftstilskotet, at naturoppsynsoppgåver vert konkret følgt opp i samråd med lokalt personell i Statens naturoppsyn (SNO).

Kvar einskild driftseining må, etter nærare avtale, stilla båt inkludert mannskap til kostnadsfri disposisjon for SNO (evt. Fylkesmannen) i eit omfang på 7-10 dagar i løpet av året. Oppgåvene gjeld naturoppsyn etter nærare avtale med SNO lokalt (eigne oppdrag, bistand til SNO-oppdrag, eller praktiske skjøtselsoppgåver mv).

I tillegg set me vilkår om at naturoppsyn, så langt som mogleg, vert integrert i den ordinære daglege tenesta, i samråd med lokalt SNO.

Det er også eit vilkår at Skjergardstenesta bidrar på Strandryddedagen 2017.

Med helsing

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Erik Cockbain
ass. fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Erik Cockbain
Saksbehandlar telefon: 5156 8773
E-post: fmroeco@fylkesmannen.no

Kopi:

Rogaland fylkeskommune
Miljødirektoratet
Statens naturoppsyn
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland

att. Thorsten Gøtterup
att. Ann Jori Romundstad
att. Terje Haugland, Reidar Sandal og Knut Henrik Dagestad